



Knarvik Barnehage AS

Lonsvegen 76

5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykker:

Vår: 19/2444 - 19/32223

Saksbehandlar:

Tone Margrethe Berland Furustøl

tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:

31.10.2019

Løyve til oppføring av påbygg, gangbru samt fasadeendring på utebod/leikehytte - gbnr 188/760 og 188/761 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 621/19

Tiltakshavar: Knarvik Barnehage AS

Ansvarleg søker: Knut Willie Jacobsen

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad i eitt trinn for oppføring av påbygg på eksisterande utebod/leikehytte i form av ein ny etasje slik at bygget vert i to etasjar, oppføring av gangbru frå 2.etasje til terreng samt fasadeendring på eksisterande bygg. Påbygg i form av ein ny etasje med bruksareal (BRA) er opplyst til å vere ca.16 m². Samla BRA for uteboden/leikehytta med ny etasje er opplyst å vere ca. 29 m². Bygd areal (BYA) er opplyst å vere ca.16 m². BYA vert ikkje endra med tiltaket. Oppføring av gangbru til terreng er opplyst til å vere 5,2m i lengde og med 1,3m i bredde. Fasadeendring av eksisterande bygg skjer i form av ny kledning og nye vindauge. Utnyttingsgrad er opplyst til 15% BRA.

Søknaden omfattar grunn- og terrenigarbeid for gangbru. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det er opplyst at eksisterande utebod/leikehytte er uisolert. Påbygg i form av ein ekstra etasje skal vere isolert for oppbevaring av materiell/rekvisita for barnehagen sin administrasjon. Første etasje skal vere uisolert. Eksisterande bygg er kledd med aluminiumsplater og desse vert bytta ut med trekledning. Bygget i sin heilhet får trekledning. Eksisterande bygg får nye vindauge og påbygget for tilsvararande vindauge.

Det vert elles vist til søknad mottatt 02.09.2019 og sist supplert 16.10.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 16.10.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i områdeplan for Lonelva-Juvikvarden med plan-ID 1263-200904 er avsett til barnehage T1, jf. pkt. 3.5 i områdeplanen. Tiltaket er i samsvar med arealføremålet.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 30% BRA.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i revidert situasjonsplan datert 16.10.2019.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 1,5 meter. Eigar av gnr. 188 bnr.743 har i dokument datert 16.10.19 samtykka til at tiltaket kan plasserast 1,5 meter frå nabogrensa.

Av teikningane kan det sjå ut som det vert same type tak og takvinkel for påbygg som eksisterande bygg. Første etasje er vist med høgde 2,4m. Andre etasje er vist med høgde 3,15m. Samla bygghøgde på bygget er vist å vere 5,55m. Tiltaket er innafor pkt.3.5.1 i høve tal etasjar og bygghøgde.

Vatn og avløp (VA)

Det vert ingen endring i vatn- og avløp med tiltaket.

Tilkomst, avkørysle og parkering

Det vert inga endring i tilkomst, avkørysle og parkering med tiltaket.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser uteoppaldsareal og gangtilkomst over gangbru til bygget.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terren, og plassering i høve terren.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg sokjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Avfall

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Arbeidstilsynet

Samtykkje frå arbeidstilsynet er naudsynt før ein kan gje løyve til tiltak i eit trinn jf. arbeidsmiljøloven § 18-9, jf. §1-2.

VURDERING

Arbeidstilsynet

Samtykkje frå arbeidstilsynet til tiltaket er gjeve den 26.09.2019, jf. arbeidsmiljøloven § 18-9.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Tiltaksklasse

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nyttet rettleiing frå Fylkesmannen.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for oppføring av påbygg på eksisterande utebod/leikehytte i form av ein ny etasje slik at bygget vert i to etasjar, oppføring av gangbru frå 2.etasjetil terreng samt fasadeendring på eksisterande bygg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 16.10.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/2444

Ansvaret

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Knarvik Barnehage AS
Knut Willie Jacobsen

Lonsvegen 76
Garvik

5914
5912

ISDALSTØ
SEIM

Mottakarar:

Knarvik Barnehage AS

Lonsvegen 76

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Knut Willie Jacobsen

Garvik

5912

SEIM